



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 15.06.2017
Møtestad: Møterom - Børiden
Møtetid: 10:00 - 14:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordfører
Jorund Stellberg	UAH	Medlem
Siri Kaland	AP	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem

Frå administrasjonen møtte: Olav Mongstad, Thomas Lindås t.o.m. sak 046/17, Rolf Henning Myrmel t.o.m. sak 050/17 og Olav Andersen i sak 055/17, 056/17 og 057/17

Dato, 16.06.2017

Per Lerøy
ordfører

Olav Mongstad
assisterende rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
043/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
044/17	Godkjenning av møteprotokoll
045/17	Meldingar
046/17	Delegerte saker
047/17	Orienteringssak
048/17	Strandryddinga i Austrheim- Kostnadar med transport av friviljuge og plastavfall
049/17	TV-aksjonen 2017 - Unicef Norge
050/17	Etablering av felles brann- og redningsteneste
051/17	Forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Austrheim kommune
052/17	Kunngjering av oppstart - Retningslinjer for bruk av utbyggingsavtalar og anleggsbidrag i Austrheim kommune
053/17	Planendring for Detaljregulering for Mastrevik nærings- og bustadområde- gbnr. 142/9 m.fl. Planid 2017003 - Offentleg ettersyn
054/17	Region Nordhordland Helsehus - Utvida låneramme
055/17	Tertialrapport nr.1, 2017
056/17	Budsjettjustering nr.1, 2017
057/17	Budsjett 2017 - Økonomiplan 2018 - 2021

043/17: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

15.06.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 043/17 - 15.06.2017 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

044/17: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

15.06.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 044/17 - 15.06.2017 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

046/17: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

15.06.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 046/17 - 15.06.2017 - Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

047/17: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

15.06.2017 FORMANNSKAPET

Asbjørn Skår frå KS Folkevaldopplæring orienterte om tilbod om Folkevalddag. Fredag 15. september blir dato for opplæring.

Rolf Henning Myrmel orienterte om status på ambulansestasjonen.

FS - 047/17 - 15.06.2017 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

048/17: Strandryddinga i Austrheim- Kostnadar med transport av friviljuge og plastavfall

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet løyver opptil kr. 50.000 til opprydding av strendene i Austrheim kommune. Løyvinga er til dekking av utgifter som organisasjonen Neptun har i samband med transport av born/elevlar til oppryddingstader, og til dekking av faktiske utgifter med transport med båt av plast/avfall til kai. Kostnadar kr. 50.000 vert dekkja frå post 13 149038011905, tilleggsløyving formannskapet. Revidert godkjent rekneskap skal leggjast fram innan år 2017 frå organisasjonen Neptun pensjonistklubb. Formannskapet viser elles til rådmannen sine vurderingar i saka.

15.06.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

FS - 048/17 - 15.06.2017 - Vedtak:

Formannskapet løyver opptil kr. 50.000 til opprydding av strendene i Austrheim kommune. Løyvinga er til dekking av utgifter som organisasjonen Neptun har i samband med transport av born/elevlar til

oppryddingstader, og til dekking av faktiske utgifter med transport med båt av plast/avfall til kai. Kostnader kr. 50.000 vert dekkja frå post 13 149038011905, tilleggsløyving formannskapet. Revidert godkjent rekneskap skal leggjast fram innan år 2017 frå organisasjonen Neptun pensjonistklubb. Formannskapet viser elles til rådmannen sine vurderingar i saka.

049/17: TV-aksjonen 2017 - Unicef Norge

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim formannskap vel fylgjande kommunekomite for TV-aksjonen 2017:

- Leiar varaordfører Anne Dahle Austrheim
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Folkehelsekoordinatoren
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne og famielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Servicekontoret

Austrheim formannskap løyver kr.20.000,- til TV-aksjonen 2017 .

Kostnaden vert dekkja frå post 149038001902

15.06.2017 FORMANNSKAPET

Forslag frå ordfører Per Lerøy:

Austrheim formannskap løyver kr. 25.000,- til TV-aksjonen 2017

Framlegget vart samrøystes vedteke

FS - 049/17 - 15.06.2017 - Vedtak:

Austrheim formannskap vel fylgjande kommunekomite for TV-aksjonen 2017:

- Leiar varaordfører Anne Dahle Austrheim
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Folkehelsekoordinatoren
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne og famielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Servicekontoret

Austrheim formannskap løyver kr.25.000,- til TV-aksjonen 2017 .

Kostnaden vert dekkja frå post 149038001902

050/17: Etablering av felles brann- og redningsteneste

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å gå i forhandling om etablering av felles brann og redningstjeneste med Lindås, Meland, Radøy og Modalen slik rapport av 28.04.17 utarbeid av Karibin for felles brann og redningstjeneste viser.

15.06.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt forslag vart samrøystes tilrådd

FS - 050/17 - 15.06.2017 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å gå i forhandling om etablering av felles brann og redningstjeneste med Lindås, Meland, Radøy og Modalen slik rapport av 28.04.17 utarbeid av Karibin for felles brann og redningstjeneste viser.

051/17: Forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Austrheim kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Framlegg til forskrift vert vedtatt slik det ligg føre. Forskrifta er gjeldande frå og med 1. juli 2017.

15.06.2017 FORMANNSKAPET

Framlegg frå Jorund Stellberg UAH:

Framlegg til forskrift med vert vedteke med fylgjande endring og tillegg:

§ 2. Virkeområde

”Austrheim kommune sitt tilbod om plass i bufellesskap – Vestlia, omfattast Ikkje av forskrifta” vert stroke.

§ 5. Grunnlag for vurdering og tildeling eller avslag

Ved tildeling vil ein særskilt legge vekt på følgjande kriterier:

Nytt pkt. d)

Par skal få moglegheit til å bu saman på sjukeheimen sjølv om berre ein har fått vedtak om langtidsopphald.

Det skal leggjast til grunn at den andre part også treng helse- og omsorgstenester, samt delvis oppfyller kriterier for tildeling av korttidsopphald.

Eigenandelen for opphaldet skal vere etter gjeldande satsar for korttidsopphald.

Nytt pkt. e)

Langtidsopphald skal i hovudsak nyttast for personer over 67 år.

Samrøystes vedtak:

§ 2 stryk setningen "Austrheim kommune sitt tilbod om plass i bufellesskap - Vestlia - , omfattast ikkje av forskrifta.

Forslag tøy § 5 vert oversendt rådmann til vurdering. Vurderinga skal leggjast fram att til politisk handsaming.

FS - 051/17 - 15.06.2017 - Vedtak:

Framlegg til forskrift vert vedtatt med stryking av ein setning i § 2. Forslaget til § 5 vert oversendt rådmannen til vurdering. Vurderinga skal leggjast fram att til politisk handaming.

Forskrifta er gjeldande frå og med 1. juli 2017.

052/17: Kunngjering av oppstart - Retningslinjer for bruk av utbyggingsavtalar og anleggsbidrag i Austrheim kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune varslar oppstart av arbeid med retningslinjer for bruk av utbyggingsavtalar og anleggsbidrag i Austrheim kommune.

Retningslinjene er heimla i plan- og bygningslova § 17-2.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

15.06.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

FS - 052/17 - 15.06.2017 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune varslar oppstart av arbeid med retningslinjer for bruk av utbyggingsavtalar og anleggsbidrag i Austrheim kommune.

Retningslinjene er heimla i plan- og bygningslova § 17-2.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

053/17: Planendring for Detaljregulering for Mastrevik nærings- og bustadområde- gbnr. 142/9 m.fl. Planid 2017003 - Offentleg ettersyn

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune sender planforslaget til planendring for **Detaljregulering Mastrevik nærings- og bustadområde – gbnr. 142/9 m.fl, planid 2017003** ut til offentlig ettersyn. Plandokumenta med reguleringsføresegner og plankart er datert 24.05.2017. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-10.

15.06.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

FS - 053/17 - 15.06.2017 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune sender planforslaget til planendring for **Detaljregulering Mastrevik nærings- og bustadområde – gbnr. 142/9 m.fl, planid 2017003** ut til offentlig ettersyn. Plandokumenta med reguleringsføresegner og plankart er datert 24.05.2017. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-10.

054/17: Region Nordhordland Helsehus - Utvida låneramme

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune sluttar seg til at selskapsavtalen §7-4 vert endra og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til kr 640 millionar kroner under føresetnad at leigetakarane underteiknar leigeavtalane.

15.06.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

FS - 054/17 - 15.06.2017 - Vedtak:

Austrheim kommune sluttar seg til at selskapsavtalen §7-4 vert endra og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til kr 640 millionar kroner under føresetnad at leigetakarane underteiknar leigeavtalane.

055/17: Tertialrapport nr.1, 2017

Rådmannen sitt framlegg:

Tertialrapport 1, 2017 vert teke til vitande.

15.06.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

FS - 055/17 - 15.06.2017 - Vedtak:

Tertialrapport 1, 2017 vert teke til vitande.

056/17: Budsjettjustering nr.1, 2017

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner fylgjande justeringar for budsjett 2017:

	Ansv.	Kontotekst:	Auka utg.	Red. utgift	Auka innt	Red. innt.
Skatt , rammet.	900	Mindreforbruk		3752000		
Skatt , rammet.	900	Ekstraordinær innt.				1740000
Skatt , rammet.	900	Ekstraordinær innt.				825000
Skatt , rammet.	900	Eigedomsskatt				1100000
Skatt , rammet.	900	Auke integr.tilskot			1800000	
Skatt , rammet.	900	Auka avdrag	400000			
Skatt , rammet.	900	Reduksjon utbytte				100000
Kystbarnehage	220	Auka løn	530000			
Kystbarnehage	220	Auka betaling			240000	
Sosiale	302	Tilskot til livsopphald	1000000			

tenester						
Tilleggsløyving	801	F-sak 016/17- Tilskot båtrute	37000			
Tilleggsløyving	802	K-sak 016/17- Barnevernsvakt	60000			
Investering	99	K-sak 09/17- Anleggsbidrag	546970			
Investering	99	Mongstadkrysset Vest K-sak 09/17 - Asfaltering		500000		
Investering	99	K-sak 09/17 - VA		46970		
Investering	99	K-sak 37/17- Omsorgsbustader		883640		
Investering	99	K-sak 37/17-Indr.anl. Kaland	883640			
Investering	99	Overføring av lån frå 2016			2222600	
Investering	99	Ny veg Furuly 2016	964000			
Investering	99	Ny veg Furuly 2016- Tilskot			175000	
Investering	99	Turveg Årvikane - 2016	800000			
Investering	99	Kai Årsvågen-2016	33600			
Investering	99	Gangveg Kaland - 2016	600000			
Investering	99	K-sak 38/17- Lån Husbanken			1730000	
Investering	99	Reduksjon sal av eigedomar				1730000
Endring utgift			5855210	5182610		
Endring inntekt					6167600	5495000

15.06.2017 FORMANNSKAPET

Forslag frå Anne Dahle Austrheim :

Barnevernsvakt ført på 802 er tidlegare bestemt skal førast på 201.
Framlegget vart samrøystes vedteke

FS - 056/17 - 15.06.2017 - Vedtak:

Med endringa på 802 til driftsbudsjettet 201, vart framlegget samrøystes vedteke

057/17: Budsjett 2017 - Økonomiplan 2018 - 2021

Rådmannen sitt framlegg:

1. Økonomiplan 2018-2021, vert vedteke slik det ligg føre i tabelloppsettet i saksutgreiinga, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einsskilde driftsåra:

Rammeområde:	2018	2019	2020	2021

2. 1. års ramme i økonomiplanen, vert grunnlaget for det vidare arbeidet med å fastsetje årsbudsjettet for år 2018
3. Dei totale investeringsrammene for åra 2018-2021, vert vedteke slik dei ligg føre i vedlagte tabelloppsett, med fylgjande endringar for dei einsskilde driftsåra:

Pr.nr.	Investeringar:	2018	2019	2020	2021

15.06.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

FS - 057/17 - 15.06.2017 - Vedtak:

1. Økonomiplan 2018-2021, vert vedteke slik det ligg føre i tabelloppsettet i saksutgreiinga, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einsskilde driftsåra:

Rammeområde:	2018	2019	2020	2021

2. 1. års ramme i økonomiplanen, vert grunnlaget for det vidare arbeidet med å fastsetje årsbudsjettet for år 2018
3. Dei totale investeringsrammene for åra 2018-2021, vert vedteke slik dei ligg føre i vedlagte tabelloppsett, med fylgjande endringar for dei einsskilde driftsåra:

Pr.nr.	Investeringar:	2018	2019	2020	2021

--	--	--	--	--	--	--	--
